

10.02.2011

Positiv attest til Hagetunet



Det er no gjeve bruksløyve for dette huset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den første av dei 3 tomannsbustadane i Hagetunet er fullført og innflytta og kommunen har gjeve midlertidig bruksløyve og også ein positiv attest til prosjektet.



Arbeidet med tomannsbustad nummer 2 går raskt unna. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bruksløyvet gjeld for Uskedalsvegen 554 A og 554B og dobbeltgarasjen til desse 2 bustadane, som kvar er på 91 kvadratmeter. Det står att å byggja terrassar.

Kommunen har også gjeve endringsløyve for alle dei 3 tomannsbustadane. Løyvet gjeld endring til valmtak for bustadar og garasjar, flytting av innkøyrsela mot vest og lenger fra riksvegen, plassering av to frittstående garasjar og utvida areal til husværa.

Areala blir etter dette 91 og 123 kvadratmeter, dei siste inklusive utebod og garasje. Dobbelgarasjane blir på 47 kvadratmeter. Det var ingen innvendingar mot endringsløyvet korkje frå nabobar eller gjenbuarar.

Det har også vore tilsyn som konkluderte med at den første tomannsbustaden er fagmessig bygd og er i god handverksmessig stand. Det var ikke avdekka forskriftsmessige avvik. Det er bygd i samsvar med teikningane.

WC er flytta slik at det er meir funksjonelt for bebuarar med rullestol. Utvendig tilkomst er løyst mellombels inntil asfaltering og terrengtilpassing til dørar er skjedd. Nokre husvære er byggjemeldt med tre-terrasse framfor utdøra. Desse arbeida må vente til vinteren har sluppe taket.

Av Ola Matti Mathisen